



## Statens vegvesen

Matias Nyheim AS  
Ytre Brakstad 48  
5918 FREKHAUG

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2013/096845-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
01.10.2013

### **Avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsle - gnr. 27 bnr. 21 i Meland kommune**


Fv 245 hp 1 km 4,736

Vi viser til søknad motteke 21.08.2013. Vi orsakar lang sakshandsamingstid.

Søknaden gjeld utvida bruk av avkøyrsle for tilkomst til bustad, gnr. 27 bnr. 21 i Meland kommune.

#### *Tekniske opplysninger:*

Avkøyrsla slik den ligg i dag oppfyller ikkje dei tekniske krava i vegenormalen. Fylkesveg 245 som går forbi eigedomen er om lag 4 meter brei aust for avkøyrsla og om lag 6 meter brei vest for avkøyrsla. I reguleringsplanen for Fv245 frå Hatleberget til Skarpeneset (plan ID 125620070004) er ein utbeta veg regulert. Reguleringsplanen viser også avkøyrsle til eigedomen.



Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan.

Per i dag er det ikkje eige tilbod til mjuke trafikantar langs vegen. I reguleringsplanen er det fortau langs nordsida av vegen. Årsdøgntrafikken (ÅDT) på staden er 1700 bilar og fartsgrensa 50 km/t. Det er busshaldeplass om lag 100 meter aust for avkøyrsla.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

### *Rammeplanen:*

I rammeplanen for avkøyrsler på riks- og fylkesvegar i Region vest er fylkesveg 245 i *mindre streng haldningsklasse*. Det inneber at godkjennning til utvida bruk av bustadavkøyrsle normalt bør gjevast. I rammeplanen heiter det også at det er eit generelt prinsipp ved handsaming av søknader om avkøyrsle at teknisk utforming av avkøyrsla må vere i samsvar med Statens vegvesens handbok 017 *Veg- og gateutforming*.

### *Rikspolitiske retningslinjer:*

I dei *rikspolitiske retningslinene for samordna areal- og transportplanlegging* heiter det at arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremjar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessig gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bumiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Det skal leggast til grunn eit langsiktig, berekraftig perspektiv i planlegginga.

### *Nullvisjonen:*

Nullvisjonen for trafikktryggleiken har som mål å planlegge, legge til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulukker ikkje skal oppstå. Visjonen er ei klargjering av at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk vert drepne eller hardt skadde i trafikkulukker. I tillegg utgjer ulukkene ein kostnad ved trafikksystemet som vi ikkje kan godta, tross i dei fordelane vegtrafikken gjev.

Transportsystemet skal utformast på ein måte som fremjar trafiksikker åtferd hos trafikantane, og i størst mogleg grad medverkar til at menneskelege feilhandlingar ikkje fører til alvorlege skader eller død.

### *Tekniske krav:*

Ei avkøyrsle på omsøkt stad vil etter vegenormalane ha krav om 4 meter svingradius (diameter 8 meter). Krav til frisikt er 4 x 45 meter. Det vil seie at frå eit siktpunkt 4 meter innanfor køyrebanekanten skal det vere 45 meter fri sikt i begge køyreretningar langs fylkesvegen. Det er også krav til helling, som mellom anna skal hindre at vatn frå eigedomen/avkøyrsla renn ut i fylkesvegen.

I avkøyrslesøknader skal det dokumenterast snu- og oppstillingsplass.

### *Kommunen sin arealplan:*

Bustadeigedomen er uregulert. I kommuneplanens arealdel ligg den i eit område vist som område for landbruk, natur og friluftsliv (LNF). Avkøyrsla er som tidlegare nemnt regulert.


### *Avstand frå veg til bustad:*

#### Utrusingsulukker

Bygget som det er søkt om å gjere om til to bustadeiningar ligg svært nær fylkesvegen. Per i dag er avstanden på det smalaste om lag 7 meter mellom veggkanten og huset. I følgje matrikkelen er bygget i dag **ein** einebustad. Dersom det i dag hadde blitt søkt om å etablere bustad her, er det lite truleg at det hadde blitt akseptert. Bustadhus som ligg tett inntil det overordna vegnettet inneber auka risiko for trafikkulukker, mellom anna knytt til utrusingsulukker i samband med borns leik.

### Støy

Statens vegvesen har utabeida støyvarselskart for områda langs riks- og fylkesvegar<sup>1</sup>. Nedanfor er eitt utsnitt av kartet for Meland som viser at den aktuelle eigedomen ligg i gul støysone for vegtrafikkstøy:



I følgje retningslinja for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012) er gul sone ei vurderingssone der kommunane bør vise varsemd med å tillate etablering av nye bustader. I utgangspunktet bør det tillatast berre dersom det vert gjort avbøtande tiltak som inneber at grenseverdiene i retningslinja vert tilfredsstilt. I slike saker bør det utarbeidast ei støyfagleg utgreiing som viser støynivå ved ulike fasadar på bygg og på uteoppahaldsareal. Det skal leggast vekt på at alle bustadeingar får ei stille side, og at dei har tilgang til eigna uteoppahaldsareal med tilfredsstillande støytilhøve.

### *Vegvesenet si vurdering av saka:*

Etablering av ei ny bustadeining i det aktuelle bygget er ikkje ynskjeleg på grunn av lokaliseringa tett inntil fylkesvegen. Denne plasseringa er uheldig av omsyn til trafikktryggleiken. Det er også uklart om krav til støynivå på uteoppahaldsareal kan oppfyllast for denne eigedomen.

Dagens avkørsle oppfyller ikkje vegnormalen sine tekniske krav til utforming. Den regulerte avkørsla let seg ikkje kombinere med inn-/utkøring frå biloppstillingsplassar mellom huset og vegen, slik flyfoto viser at det er i dag. Ei løysing med inn- eller utkøring med bil langs husveggen, krev minimum 10-11 meter avstand mellom vegen og bygget, jamfør kravet til 4 meter svingradius, og er såleis ikkje praktisk mogleg å få til på eigedomen i dag. Søknaden vi har fått tilsendt viser ikkje anna snu- og parkeringsløysing.



Flyfoto som viser parkering mellom fylkesvegen og bygget.

<sup>1</sup> <http://www.vegvesen.no/Fag/Fokusområder/Miljø+og+omgivelser/Støy/Støykart/Hordaland>

**Vedtak:**

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Regionsvegkontoret å avslå søknad om utviда bruk av avkøysle.

**Grunngjenving:**

*Etablering av ei ny bustadeining i det aktuelle bygget er ikkje ymskjeleg på grunn av lokaliseringa tett inntil fylkesvegen. Denne plasseringa er uheldig av omsym til trafikktryggleiken. Det er også uklart om krav til støyminn på uteoppenthaltsareal kan oppfyllast for denne eigedomen.*

*Dagens avkøysle oppfyller ikkje vognormalen sine tekniske krav til utforming. Den regulerte avkøysla let seg ikkje kombinere med inn-/utkjøring frå biloppstillingsplassar mellom huset og vegen, slik flyfoto viser at det er i dag.*

Klagerett.

Vedtaket kan pålagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Ode Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik  
sjefingeniør

*Unn Jenny Utne Kvam*  
Unn Jenny Utne Kvam

1 vedlegg

Kopi: Meland kommune (e-post)  
Kjovi AS v/ Ovidio Damian Ruja, Ådlandsvegen 256, 5918 Frekhaug